



VINDAFJORD  
KOMMUNE

# Ut på tur i Vindafjord 2025



Foto: Rogaland fylkeskommune

**Gå tur og bli med i trekninga av gåvekort!**

15 turar (6 tilrettelagde turar)

# Gå tur og finn kodeord

## 9 turar:

I brosjyren finn du informasjon om 9 ulike turmål i Vindafjord kommune. Dersom du går alle desse turane i perioden 13. april 2025 – 31. oktober 2025 og registrerer kodeorda, er du med i trekninga av eit gåvekort.

## 6 lettare turar:

I tillegg er det lagt til rette 6 lettare turar for alle, også for barnevogner, sykkel, rullestolbrukarar og rørslehemma. Det er nok å ha samla 4 av 6 kodeord for å vera med i trekninga av eit gåvekort.

På kvart turmål finn du ein turkasse med ei turbok til å skriva ned namnet ditt, og som har eit kodeord. Grunna snø på enkelte toppar kan det hende at stien ikkje er heilt ferdig merka og at bok med kodeord ikkje er på plass innan oppstart ved palmesøndag, 13. april.

## Registrering av kodeord

For å bli med i trekninga av eit gåvekort, kan du enten levera inn kodeorda via post eller digitalt på heimesida vår.

**Post:** Noter kodeord på tilvist plass på baksida i brosjyren. Kodeorda skal til slutt bli ei setning. Når du har alle orda på plass, sender du inn brosjyren til Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen, innan 7. november 2025.

**På nett:** Det er mogleg å levera inn «kodeordsetninga» digitalt på heimesida vår.

## Vanskegrad på turane



Grønn = Enkel



Blå = Middels



Rød = Krevjande

## For turkart og meir informasjon:



[www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)  
(Kultur og fritid – friluftsliv)  
Eller skann QR-koden med mobilen.

## Stikk UT!

(i samarbeid med Friluftsrådet Vest):

Bli med i konkurranse om å nå flest turmål i Nord-Rogaland og Sunnhordaland. I appen Stikk UT! kan du registrera turane dine elektronisk etter du har oppretta ein personleg brukar. Her kan du halda oversikt over turane og poenga dine og konkurrera med deg sjølv og andre om fine premiar. Sommarsesongen er frå 1. mai – 31. oktober kvart år. Du finn meir info på [stikkut.no](http://stikkut.no).



# 9 turar



## Ølen – Rundtur Roafjellet 538 moh.

### TILKOMST OG PARKERING:

Ta av frå E134 ved Fatland Slakteri mot Øvrehagen byggefelt. Parkering på toppen av feltet, nær oppslagstavla med kart over turen.

### OM TUREN:

Turen startar på merka sti ca. 100 m før du kjem inn på traktorveg. Gå opp traktorvegen fram til granskog og gjerdeklyvar. Hundar må løftast over gjerdet. Den merka stien går bratt opp skogslia til snaufjellet og her startar rund-

**Avstand:** Ca. 7 km (rundtur)

**Tidsbruk:** Ca. 3 timar

**Vanskegrad:** Middels

turen. Gå mot varden (Roatoppen), som gir eit eventyrlig utsyn mot Ølen og Ølensvåg. Frå varden tek du mot nord og går rundt Krokavatnet. Turkassen finn du i nordenden av vatnet. Stien går vidare over Slettafjellet (538 moh.), som er den høgaste toppen på Roafjellet. Her er det god utsikt mot Etne, Folgefonna og fjella i Kvinnherad. Turen går vidare til Bygdarenuten (525 moh.) og deretter følgjer du same vegen ned den bratte lia til parkeringsplassen.

## ØLENSVÅG – Kjellesviknuten 575 moh.

**Avstand:** Ca. 7,8 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 3 timar t/r

**Vanskegrad:** Middels

### TILKOMST OG PARKERING

Ta av frå E134 i Ølensvåg mot Bjoa. Følg Bjoavegen ca. 6 km og sving til venstre inn på skogsveg til Vakadalen. Etter eit par hundre meter finn du parkeringsplassen på høgre side.

### OM TUREN

Turen går eit langt stykke på skogsbilveg oppover Vakadalen og så til høgre inn på ein eldre skogsveg i skilta vegkryss. Frå enden av skogsvegen er det merka sti til toppen. På toppen er det flott utsikt over store delar av Sunnhordlandsbassenget.



Kjellesviknuten - Foto: Edna Trovanelli



Hiljelø - Foto: Gunnar Dalen

## BJOA – Hiljelø 535 moh.

**Avstand:** Ca. 7 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 2,5 timar t/r

**Vanskegrad:** Krevjande

### TILKOMST OG PARKERING:

Følg Bjoavegen frå Ølensvåg ca. 15 km utover langs fjorden. Ta av til venstre ved skilt til Dalen. Følg Eikåsvegen ca. 300 m opp første bakken og ta til venstre ved vassverket sitt anlegg på Leite. Parker her.

### OM TUREN:

I nordre enden av parkeringsplassen startar merka sti til Hovda og Gråhorgjo.

Følg denne og dei raude merka. Følg skilt til Husafjellet/Gråhorgjo når stien deler seg etter granskogen. Gå forbi Ugleskar og over Husafjellet til du kjem til Roalskar. Deretter går stien opp Gurikleiv. Etter ei kort oppstigning kjem ei lita flate der du finn skilt til Hiljelø og Legdo. Ta til høgre og følg merka sti på Legdo, som går slakt oppover. Når du kjem ut av skogen er du ikkje langt unna Hiljelø, som ligg inne ved fjellfoten med opninga mot nord. Hiljelø ligg ca. 50 m til venstre for stien og er merka både med skilt og raudmerke. Her finn du turkassen. Ute på kanten av Legdo er det mange fine utsiktspunkt, sørover mot Vikedalen og Skreo, over Dalsbruket og vidare mot Årvik og Ålfjorden i vest.

Returner same veg tilbake viss du ikkje vil ta ein rundtur via Gråhorghytto. Tar du rundturen held du fram på den merka stien oppover Legdo til du møter på ein sti som går opp Bordalsskar til Gråhorgjo. Ta til venstre og etter den bratte bakken opp skaret ligg Krokavatnet og Gråhorghytto (650 moh.). Frå hytta går du tilbake til Roalskar og Leite på merka sti forbi Svalesteinen og over Heio. Nedturen tilbyr den vakraste utsikta over Sunnhordlandsbassenget. I Roalskar kjem du tilbake til stien du kom opp.



## VIKEBYGD – Trodlanibbå 536 moh.

**Avstand:** Ca. 5 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 3 timar t/r

**Vanskegrad:** Krevjande

### TILKOMST OG PARKERING:

Parkeringsplassen er ved bygdahuset i Vikebygd, som ligg ved idrettsanlegget.

### OM TUREN:

Turen startar ved bygdahuset. Følg grusvegen ved innkøyrsla til bygdahuset ca. 200 m, ta så til venstre inn på traktorveg og følg denne inn og oppover i skogen. Ta av til høgre frå traktorvegen og inn på sti der vege gjer ein skarp og bratt venstresving. Stien er godt opptrakka og etter kvart kan stien vera noko våtlendt. Eit stykke oppe i lia går stien over på ein skogsveg og ca. 65 m seinare kjem du til eit kryss der du går til venstre i søraustleg retning. Like etter kjem eit nytt kryss med skilt og merking oppover, og her vil du kjenne høgdemeterane godt. Nokre hundre meter seinare går du over på sti igjen før landskapet byrjar å opne seg. Her er det god stigning med nokså våte og bratte parti. Fortset å følg merka sti oppover til toppen. På slutten av turen går du mest på berg før du kjem til toppen. Turkassen står på toppen med flott utsikt over Vikebygd, Sveio og nordover til Stord.



Trodlanibbå - Foto: Denisse Lucero



## SKJOLD – Søljasen 370 moh.



Søljasen - Foto: Siri Nonslid

**Avstand:** Ca. 5 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 2 timar t/r

**Vanskegrad:** Middels

### TILKOMST OG PARKERING:

Ta av frå E134 i plankryss til Skjold. Ta til høgre i rundkøyring i retning mot Nedstrand. Køyr ca. 500 m og parkeringsplass ligg på venstre side rett før «Eggjatoppen».

### OM TUREN:

Følg merka traktorveg oppover og bruk gjerdeklivarar ved grinder. Ved skilt tar du av mot høgre og følgjer merka sti mot toppen. Det er rastebord ved turkassen på toppen med flott utsikt 360 grader. Traktorveg stort sett heile turen og deretter sti mot toppen med noko myrlendt terreng.



Krakkanuten - Foto: Jon Olav Velde

## **VATS** – Krakkanuten 450 moh.

**Avstand:** Ca. 4,8 km t/r  
**Tidsbruk:** 2–2,5 timar t/r  
**Vanskegrad:** Middels

### **TILKOMST OG PARKERING:**

Ta av frå E134 ved Øvre Vats bedehus, som ligg på oppsida av sykkel- og gangstien ved Alvseike, ca. 1,5 km aust for Knapphus. Her er det parkeringsplass og infotavle.

### **OM TUREN:**

Gå sørover langs sykkel- og gangstien ca. 150 m til du kjem til Håvoll med skilt, og følg merka sti oppover. Flott utsikt over bygda når du kjem over tregrensa. Stort sett fint å gå, men nokre bratte parti på stien/traktorvegen og våte parti enkelte stader langt oppe. Bruk gjerdeklyverar og lukk grindene dersom du må bruka desse. Ta omsyn til eventuelle beitande dyr langs stien, og hugs bandtvang for hundar. Panoramautsikt frå varden.



Haukareid tjørna - Foto: Kikkan Vestbø

## **SANDEID** – Haukareid tjørna 416 moh.

**Avstand:** Ca. 2,6 km t/r  
**Tidsbruk:** Ca. 1,5 timar t/r  
**Vanskegrad:** Enkel

### **TILKOMST OG PARKERING:**

Parkeringsplassen på Fjellstøl skianlegg ved billettbu.

### **OM TUREN:**

Gå frå parkeringsplassen og over brua. Følg traktorvegen til du kjem til skiltet «Hest - Vodli - Haukareid tjørn». Vidare oppover er det godt merka sti med noko myrlendt terreng.



## IMSLAND – Rundtur Ospehumpen – Imslandsjøen 172 moh.

**Avstand:** Ca. 4,7 km (rundtur)

**Tidsbruk:** 1,5 - 2 timar

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Parkering på asfaltert plass på austsida av Saudavegen ved austre enden av Børkjelandsvatnet. Turen startar ved oppslagstavla i enden av vatnet.

### OM TUREN:

Følg merka sti over Stemhaug til Ospehumpen der turkassen er. Turen fortset på merka sti mot Imslandssjøen. Stien går gjennom eit hyttefelt og ned til kyrkja. Følg bilvegen tilbake til parkeringa.



Ospehumpen- Foto: Marit Svandal



## Vikedal – Rundtur Sjurstølen – Bjørnstigen 366 moh.

**Avstand:** Ca. 10,4 km (rundtur)

**Tidsbruk:** 4-5 timar

**Vanskegrad:** Krevjande



Sjurstølen-Bjørnstigen- Foto: Jane Austrheim

### TILKOMST OG PARKERING:

I Vikedal sentrum tek du av frå Saudavegen og inn på Movegen og følg denne opp gjennom Vikedalsdalen til du kjem til enden av Fjellgardsvatnet. Parker på høgre side av veggen før ein bratte bakke. Du finn infotavla og turstart ca. 70 m tilbake. I periodar er storfe på beitet. Du kan og parkera ca. 1 km lengre oppe ved turstart til Bjørnstigen. Vis omsyn til grunneigarar og husdyr. Hugs bandtvang.

### OM TUREN:

Turen går gjennom småkupert skogsterreng og på berggrunn ned til breidda av Storelva, før du fortset 2,6 km til Sjurstølen. Fortset ca. 500 m og gå rett fram ved stiskilje merka med rundtur. Følg stien over berg, inn i skog og opp ei bratte li. Ta til venstre ved stiskilje på toppen. Følg merka sti nedover berga der du kjem til ei bru og finn turkassen, ved Djupatjørn. Gå over brua og fortset på stien til du kjem til eit nytt stiskilje. Her går du til venstre. Fortset til du kjem til eit flott utsiktspunkt over Fjellgardane. Her finn du benk og bord. Gå vidare ned til Bjørnstigen, fortset på sti og ta til høgre på traktorveg. Følg denne til du kjem ned til hovudvegen, ta til venstre og gå tilbake til parkeringsplassen.

# 6 lettare turar for alle

Også for barnevogn, sykkel, rullestolbrukarar og rørslehemma



## ØLENSVÅG – Veggen mot Frønsdal

**Avstand:** Ca. 4,7 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 1 time t/r

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Parker i Ølensvåg bak Kiwibutikken.

### OM TUREN:

Turen startar ved å gå gjennom undergangen under E134 ved Omega. Følg deretter sykkel- og gangsti vestover mot Frønsdal. Du finn turkassen ved busstoppet rett før avkøyringa til Frønsdal.



Frønsdal- Foto: Stine Helen Marken



Dagsturhytta- Foto: Vindafjord fylkeskommune



## BJOA – Dagsturhytta Vadhytta frå Bjoa

**Avstand:** Ca. 2,8 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 40 min t/r

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Ta av frå Bjoavegen på Innbjoa ved skiltet til Dalen og følg Eikåsvegen nesten til endes.

Ta av til venstre like før brua i Eikås og følg skogsbilveg opp til parkeringsplassen. Her er det skilta til Vadhytta.

### OM TUREN:

Turvegen går i lett terreng på grusveg. Turen er eigna for sykkel, barnevogn og rullestol. Tilkomstveg og sjølvne hytta med toalettfasilitetar er universelt utforma. Dagsturhytta skal kunne nåast av flest mogleg, uavhengig av helse og kondisjon. Samstundes skal det vera eit attraktivt turmål å besøka fleire gonger, også for røynde turgåarar.

## SKJOLD – Rundtur drivhusa

**Avstand:** Ca. 2,4 km (rundtur)

**Tidsbruk:** 45 min - 1 time

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Ta av frå E134 til Skjold i plankrysset og ta til venstre i rundkøyringa. Køyr ca. 1 km til skilt til Vikanes på venstre side. Parkeringsplass ligg på høgre side oppe i bakken. Start og mål på Vikaneset.

### OM TUREN:

Start med å gå ned til skulen, ta til venstre på grusveg (Kyrkjevikvegen) og følg denne bort til Skjoldavikvegen. Ta så til høgre og følg sykkel- og gangsti austover til rundkøyringa. Her går

du ned til busstoppet og følgjer grusveg langs E134 forbi drivhusa og bort til tunnelopninga. Her står turkassen. Gå deretter vidare opp til skulen igjen og til parkeringsplassen. Så kan du velja om du vil gå ein lengre tur, f.eks. til Likvik eller rundtur via Isvik og byggefelta. Til Likvik går du forbi Skjold Arena, barnehagen og utover mot tuppen av Vikaneset til veggen deler seg. Ta veggen til høgre og så til venstre etter ca. 150 m. Følg grusvegen ned til Likvik. Bakken ned er litt bratt. Her finn du strand, benker, gapahuk og toalett. Du kan ta ein rundtur frå parkeringsplassen gjennom Skjoldavik - Isvik og gjennom byggefelta, ned til kyrkja og opp til parkeringsplassen igjen.



Drivhusrunden- Foto Siri Nonslid



Åmsosen kultursti- Foto: Edna Trovanelli



## VATS – Åmsosen kultursti

**Avstand:** Ca. 2 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 1 time t/r

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Ta av frå Saudavegen på Kårhus og følg først Raunesvegen og så Stokkastrandvegen, til saman ca. 2 km, ned mot Hatteland. Du kan parkera ved det gamle heradshuset ved sida av tidlegare S-laget. Her er det infotavle med kart og info om turen.

### OM TUREN:

Gå gjennom porten på nordsida av huset og inn i den fine Hattelandparken. Litt lengre nede

kan du gå over Åmselva på ei fin bru. Her kan du gå rett fram og opp til Bautasteinen med infotavle om historia til Åmsgarden. Her er det også ein kvilebenk. Gå så vidare opp langs elva til Åmsbrua ved det gamle meieriet. Gå over brua og inn til høgre på kulturstien. Her står det også infotavle. Følg god grusveg ca. 450 m oppover langs kanalen, som i si tid førte vatnet ned til spinnerifabrikken. I enden av kulturstien er det sett opp benk og infotavle om aktiviteten her. Her heng turkassen. Gå så ned igjen til parkeringsplassen. Dette var ein livleg plass der det skjedde mykje spennande.

**Hugs bandtvang og vis omsyn.**



Sandeid sentrum- Foto: Stine Helene Marken



## Sandeid – Sandeid sentrum: Rundtur Helgevold

**Avstand:** Ca. 3 km (rundtur)

**Tidsbruk:** Ca. 45 min

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Du kan starta turen enten ved Sandeid samfunnshus eller ved Teknisk bygg i sentrum av Sandeid. God parkering begge stadar.

### OM TUREN:

Dersom du startar ved samfunnshuset, følg gang- og sykkelvegen langs Sandeidvegen til krysset Sandeidvegen/Saudavegen, og vidare langs Saudavegen til avkøyringa til Teknisk bygg (Østbøvegen). Turen går vidare på gardsveg til du kjem til Rødneelva og så på traktorveg langs elva fram til Rødnebrua. Her finn du turkassen. Der tar du til venstre og følgjer Helgelandsvegen tilbake til parkeringa. Turen går på asfalt- og grusveg, i eit sentrumsnært område med lite bakkar.



## IMSLAND – Tur over Litløyndå og Storøyndå

**Avstand:** Ca. 3 km t/r

**Tidsbruk:** Ca. 1 time t/r

**Vanskegrad:** Enkel

### TILKOMST OG PARKERING:

Ta av frå Saudavegen til Kvaløy. I første kryss tar du til venstre og så til høgre i neste kryss. Merka parkering på venstre side.

### OM TUREN:

Følg Storøyvegen over Litløyndå og utover nord-sida av Storøyndå. Den siste bakken ned til båthamna er ganske bratt. Turkassen er plassert i ei trebu. Turen går på asfalt- og grusveg.



Storøyndå- Foto: Marit Svandal

**GOD TUR!**

Namn \_\_\_\_\_

Adresse \_\_\_\_\_

Poststad \_\_\_\_\_

Telefon \_\_\_\_\_

Alder (sett kryss): Under 15 år

Over 15 år

*Skriv inn kodeorda du fann på turane.  
Du kan velja om du vil delta på ein eller begge.*

### Kodeord (6 turer)

Vegen mot Frønsdal

Dagsturhytta Vadhytta frå Bjoa

Rundtur drivhusa

Åmsosen kultursti

Sandeid sentrum –  
Rundtur Helgevold

Tur over Litløynå og Storøynå



**VINDAFJORD  
KOMMUNE**

v / Kultur og læring  
Dreganesvegen 40  
5580 Ølen



Del gjerne bilete frå turane på  
Instagram: **#vakrevindafjord**

### Kodeord (9 turer)

Rundtur Roafjellet

Kjellesviknuten

Hiljelø

Trodlanibbå

Søljåsen

Krakkanuten

Haukareidtjorna

Rundtur Sjurstølen – Bjørnstigen

Rundtur  
Ospehomen – Imslandsjøen

